Høring: 4-årig tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder

AGDER fylkeskommune

Innsendt: 07.10.2026 17:01
Referanse-ID: 3BJ-MDY
Skjema-ID: AFK-224

Avsender høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Gro-Anita
Etternavn	Mykjåland
Hvem svaret du for?	◉ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	SETESDAL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD
Organisasjonsnummer	981543556
Gatenavn og - nummer	Postboks 4
Postnummer	4746
Poststed	VALLE

Svar på høring

Tilbudsstruktur og dimensjonering

Hvordan vurderer dere den vedtatte dimensjoneringen opp mot dagens og framtidige kompetansebehov?	Setesdal interkommunalt politisk råd meiner vidaregåande opplæring er eit av dei viktigaste verkemidla for regional utvikling, verdiskaping og busetjing. Tilbodsstrukturen må derfor vurderast ut frå meir enn elevtal og ressursutnytting. Han må også bidra til å møte framtidige kompetansebehov, styrkje gjennomføringa i vidaregåande opplæring og støtte utviklinga i heile Agder.
Er det utdanningstilbud som bør styrkes, reduseres eller etableres?	Drone- og UAS-kompetanse som regional satsing Setesdal IPR meiner fylkeskommunen bør greie ut etablering av eit utdanningstilbod innan drone- og UAS-teknologi ved Setesdal videregående skule.

Dette er ei satsing regionen samla står bak.

Drone- og UAS-teknologi får aukande betydning innan energi, kraftforsyning, beredskap, samferdsel, arealforvaltning, landbruk og andre teknologibaserte næringar. Setesdal har særlege føresetnader for å utvikle slik kompetanse gjennom kombinasjonen av store areal, energisektor, teknologibedrifter, offentlege aktørar og forsvarsrelaterte miljø. Regionrådet vurderer dette som ei framtidsretta satsing som kan bidra til både kompetanseutvikling, innovasjon og regional attraktivitet.

Reiseliv og tenesteyting
Reiseliv er ei viktig næring i Setesdalsregionen og har stor betydning for sysselsetjing og verdiskaping. Setesdal IPR meiner det er naturleg at dette blir spegla tydelegare i tilbodsstrukturen. Regionrådet vil derfor oppmode fylkeskommunen om å vurdere etablering av tilbod innan sal, service og reiseliv ved Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hovden for å styrkje rekrutteringa til ei næring med aukande behov for arbeidskraft.

Indre Agder er ein vekstregion
Indre Agder er den einaste regionen i Agder med venta vekst i talet på ungdomar i vidaregåande skulealder fram mot 2030. Dette må få konsekvensar for korleis fylkeskommunen vurderer framtidig dimensjonering og utvikling av utdanningstilboda. Regionen må ikkje møtast med dei same verkemidla som område med fallande elevtal.

For Setesdalsregionen er det avgjerande at nærskulane kan tilby attraktive og relevante utdanningsløp som møter behova til ungdom, arbeidsliv og samfunn. Dei vidaregåande skulane i regionen er ein viktig del av den samla kompetanseinfrastrukturen og spelar ei sentral rolle for rekruttering, næringsutvikling og framtidig verdiskaping.

Setesdal IPR meiner også at fylkeskommunen bør vurdere etablering av Vg1 handverk, design og produktutvikling ved Setesdal videregåande skule, avdeling Valle.
Eit slikt tilbod vil gi eit samanhengande utdanningsløp til Vg2 gull- og sølvsmedhandverk og

	Vg3 gullsmedfaget, og styrkje rekrutteringa til eit fagmiljø med regional og nasjonal betydning. Regionrådet meiner dette miljøet må vurderast ut frå fleire kriterium enn lokalt elevgrunnlag åleine. Tilbodet vil bidra til å styrkje handverkskompetanse og kulturarven i Setesdalsregionen.
Hvordan vurderer dere den geografiske fordelingen av tilbudene i Agder?	Geografi og gjennomføring Setesdal IPR meiner geografi, reiseavstand og gjennomføring må tilleggjast større vekt i dimensjoneringsarbeidet. For ungdom i distrikta kan lange reiseavstandar og tidleg bortebuing påverke både trivsel og gjennomføring. Regionrådet meiner derfor at fylkeskommunen må nytte det handlingsrommet som ligg i dimensjoneringskriteria til å ta omsyn til regionale forhold ved vurdering av små tilbod og utdanningsløp. Målet om gjennomføring må vege tungt når tilbodsstrukturen blir vurdert.
Hvordan bør sluttkompetansene i modulstrukturert opplæring for voksne dimensjoneres?	Setesdal IPR meiner dimensjoneringa av modulstrukturert opplæring for vaksne må ta omsyn til kompetansebehova i regionen og vere tilgjengeleg for innbyggjarar og arbeidsgjevarar i Indre Agder. Fleksible og desentraliserte løysingar vil vere viktige for å møte framtidige behov for arbeidskraft og kompetanse i både kommunal og privat sektor.
Hvordan vurderer dere den foreslåtte tilbudsstrukturen samlet sett i lys av målet om at flere elever og voksne fullfører videregående opplæring?	Det bør leggjast til rette for at elevar ved dei mindre vidaregåande skulane får tilgang til eit breiare utval av programfag gjennom samarbeid med dei større skulemiljøa i Agder, mellom anna ved bruk av digitale og fleksible undervisningsløysingar.